



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 36

(2004–2005)

Eksport av forsvarsmateriell frå Noreg
i 2004, eksportkontroll og internasjonalt
ikkje-spreiingsamarbeid

Innhald

1	Innleiing og samandrag	5	7.4	Eksporten fordelt på vareposisjonane i liste I	26
2	Utanriksdepartementets arbeid for større innsyn	8	7.5	Eksporten av forsvarsmateriell fordelt på land og varegrupper i liste I	26
3	Eksporthandlingsreguleringa	9	7.6	Tenester for utanlandske oppdragsgjeverar	34
3.1	Eksporthandlingslova	9	7.7	Reparasjonar for utanlandske oppdragsgjeverar	34
3.2	Forskrift til gjennomføring av eksporthandlinga	10	7.8	Utviklinga i eksporten av forsvarsmateriell, tenester og reparasjonar 1999-2004	35
3.3	Retningslinjer for Utanriksdepartementet	11	7.9	Avslag på søknader om eksport av forsvarsmateriell i 2004	35
3.4	EU-kodeksen	13	7.10	Formidling og overføring av produksjonsrettar	35
4	Multilateralt eksporthandlings- samarbeid og tiltak mot internasjonal terrorisme	14	7.11	Oversikt over bedrifter som har rapportert om eksport i 2004	36
5	Saksbehandling i Utanriksdepartementet og samarbeid med andre instansar	18	Vedlegg		
5.1	Det norske eksporthandlingsapparatet	18	1	Forskrift til gjennomføring av utførselsreguleringa for strategiske varer, tenester og teknologi	37
5.2	Eksporthandlinga av forsvarsmateriell	19	2	Den europeiske unions atferdskodeks for våpeneksport, 8. juni 1998	40
5.3	Eksporthandlinga av fleirbruksvarer ...	20	3	Retningslinjer av 28. februar 1992 for Utanriksdepartementets behandling av søknader om eksport av våpen, militært materiell, samt teknologi og tenester for militære formål	43
6	Norsk forsvarsindustri og internasjonalt samarbeid	22	4	Liste I - Våpen, ammunisjon, annet militært materiell og tilhørende teknologi	46
7	Eksporthandlinga av forsvarsmateriell i 2004	23	5	Oversikt over medlemskap i dei multilaterale eksporthandlingsregima..	48
7.1	Eksporthandlinga av kategori A-materiell fordelt på grupper av land	24			
7.2	Eksporthandlinga av kategori B-materiell fordelt på grupper av land	24			
7.3	Eksporthandlinga av forsvarsmateriell fordelt på land	24			

Forklaring på forkortingar

AG	Australia Group	Australia-gruppa (multilateralt eksportkontroll-samarbeid for kjemiske/ biologiske våpen)
BWC	Biological Weapons Convention	Konvensjonen mot biologiske våpen
CWC	Chemical Weapons Convention	Kjemivåpenkonvensjonen
ECOWAS	Economic Community of West African States	Det økonomiske fellesskapet av vestafrikanske statar
FFI		Forsvarets forskingsinstitutt
IAEA	International Atomic Energy Agency	Det internasjonale atomenergi-byrået
IFE		Institutt for energiteknikk
MTCR	Missile Technology Control Regime	Regimet for eksportkontroll av missilteknologi
NSG	Nuclear Suppliers Group	Gruppa av leverandørland for eksportkontroll av kjernefysisk materiale og relevante fleirbruksvarer
NPT	Treaty on the Non-Proliferation of Nuclear Weapons	Ikkje-spreiingsavtalen for kjernefysiske våpen
OSSE	Organization for Security and Cooperation in Europe (OSCE)	Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa
PSI	Proliferation Security Initiative	Initiativ for spreingstryggleik
PST		Politiets tryggingsteneste
TAD		Toll- og avgiftsdirektoratet
WA	The Wassenaar Arrangements	Wassenaar-samarbeidet (multilateralt eksportkontroll-samarbeid for konvensjonelle våpen og fleirbruksvarer)



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St. meld. nr. 36

(2004–2005)

Eksport av forsvarsmateriell frå Noreg i 2004, eksportkontroll og internasjonalt ikkje-spreiingssamarbeid

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 27. mai 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing og samandrag

I 2004 var det ein generell nedgang i eksporten til fleire av dei tradisjonelle mottakarane av norsk forsvarsmateriell. Verdien av den samla eksporten av våpen og militært materiell¹ i 2004 var litt i overkant av 2 milliardar kroner. Til samanlikning var den samla verdien av eksporten om lag 3 milliardar kroner i 2003.

Denne meldinga gjeld kontroll med utførselen i 2004 av forsvarsmateriell som står på Utenriksdepartementets liste I og tenester og teknologi knytte til desse varene. Varene på liste I omfattar både A-materiell, som er våpensystem og ammunisjon, og B-materiell, som er anna utstyr utvikla eller modifisert for militære formål.

Mottakarane av forsvarsmateriell frå Noreg er i hovudsak Sverige, Finland og medlemslanda i NATO. I 2004 utgjorde eksporten av A-materiell til desse landa 88 % av eksporten, og for B-materiell 72 %.

Utenriksdepartementets kontroll med eksport av våpen og militært materiell er basert på eiga lov, forskrift og retningslinjer for korleis departemen-

tet skal behandle søknader om løyve til eksport av forsvarsmateriell. Utgangspunktet for gjeldande regelverk og praksis er ei regjeringserklæring og eit stortingsvedtak av 11. mars 1959. Erklæringa slår fast at ”hovedsynspunktet bør være at Norge ikke vil tillate salg av våpen og ammunisjon til områder hvor det er krig eller krig truer, eller til land hvor det er borgerkrig”. Stortinget tok ”til etterretning den erklæring Statsministeren på vegne av Regjeringen har lagt frem. Stortinget vil sterkt understreke at eksport av våpen og ammunisjon fra Norge bare må skje etter en omhyggelig vurdering av de uten- og innenrikspolitiske forhold i vedkommende område. Denne vurderingen må være avgjørende for om eksport skal finne sted”.

I 1997 slutta eit samrøystes Storting seg til ei presisering frå Bondevik I-regjeringa om at ”Utenriksdepartementets vurdering av disse forholdene omfatter en vurdering av en rekke politiske spørsmål, herunder spørsmål knyttet til demokratiske rettigheter og respekt for grunnleggende menneskerettigheter”.

Eksportkontrollen tek òg sikte på å hindre at varer og teknologi for framstilling av masseøydleggingsvåpen vert utførte i strid med norsk regelverk, internasjonale avtalar og internasjonalt samarbeid som Noreg har slutta seg til.

¹ Heretter omtala som forsvarsmateriell. Utenriksdepartementets liste I (vedlegg 1) gjer greie for dette materiellet og tilhøyrande teknologi. Oversiktene i kapittel 7 i meldinga omfattar berre verdien av utførte varer og tilhøyrande teknologi på liste I og tenester knytte til desse varene.

Regjeringa meiner at behovet for innsyn i eksporten av forsvarsmateriell er vareteke med den årlege stortingsmeldinga om eksport av forsvarsmateriell med dei endringar som no er sette i verk for å sikre auka innsyn. I kapittel 2 vert det gjort nærare greie for dette arbeidet.

Utanriksdepartementet varsla i meldingane om eksport av forsvarsmateriell i 2001, i 2002 og 2003² ein gjennomgang av eksportkontrollregelverket for å styrkje dette som ledd i kampen mot internasjonal terrorisme. Gjennomgangen fann stad i 2004 og førte til at det vart gjort ei rekkje endringar i eksportkontrollforskriftene.

Tanken med forskriftsendringane har vore å forenkle regelverket og gjere det meir tilpassa dagens utfordringar. I tillegg har endringane medført styrking av kontrollen. Forskrifta er mellom anna oppdatert for å sikre heimel til å utøve kontroll med eksport av alle varer, også varer som ikkje står på kontrollistene, til land under våpenembargo vedteken av Tryggingrådet i FN. I kapittel 3 vert det gjort nærare greie for eksportkontrollregelverket og endringane som vart gjorde i november 2004.

Forslag om endringar i eksportkontrolllova (jf. Ot.prp.nr. 47 (2004-2005)) vart fremja i statsråd 18. februar 2005, og behandla av Odelstinget 25. april 2005 (jf. innst.O.nr. 74 (2004-2005)). Forslaget er no til endeleg behandling i Stortinget. Dei føreslegne endringane går mellom anna ut på å styrkje regelverket som ledd i kampen mot internasjonal terrorisme og å styrkje kontrollen med handelen med sensitive varer, teknologi og tenester som kan brukast til terrorformål.

Utanriksdepartementet arbeider kontinuerleg med å sikre eit tidsmessig og effektivt regelverk, og legg vekt på eit nært samarbeid med den enskilde eksportør frå sak til sak. Omsynet til norske leverandørar og deira truverde som handelspartnarar er òg ei sak som det vert teke omsyn til i samband med tildeling av løyve til oppfølgingsleveransar.

Noreg deltek i det omfattande internasjonale samarbeidet som er etablert på eksportkontroll- og ikkje-spreiingsområdet. Kontrollen med fleirbruksvarer (liste II) byggjer heilt og fullt på det internasjonale eksportkontrollsamrådet. Handelen med konvensjonelle våpen og militært materiell (liste I) er i utgangspunktet eit nasjonalt ansvar, men også her har utviklinga dei seinare åra gått i retning av auka internasjonal dialog og koordinering. Dessutan har arbeidet dei siste åra blitt

drive fram av kravet til auka innsyn i handelen med forsvarsmateriell.

Etter terroråtaka mot amerikanske mål 11. september 2001 har det internasjonale samfunnet vedteke strengare retningslinjer og sett i verk nye tiltak for å hindre at våpen, militært materiell og sensitive fleirbruksvarer kjem i hendene på terroristar. Tryggingrådsresolusjonane 1373 (2001) og 1540 (2004) representerer viktige vedtak med omsyn til gjennomføringa av effektiv eksportkontroll for varer og teknologi som spelar ei rolle i utviklinga av masseødeleggingsvåpen. Resolusjonane medfører mellom anna at medlemslanda forpliktar seg til å setje i verk nasjonale tiltak for å hindre terroristar og land i å få tilgang til sensitive varer og teknologi i tilknytning til masseødeleggingsvåpen.

Aktiviteten i dei multilaterale eksportkontroll- og ikkje-spreiingsregima har auka vesentleg dei siste åra. Sidan 2001 er det oppnådd semje om å styrkje og vidareutvikle samarbeidet på fleire område.

Noreg slutta seg til EU-kodeksen for eksport av våpen og militært materiell i 1998. Kodeksen danner i aukande grad eit internasjonalt rammeverk for prinsippa om leveransar av våpen og militært materiell. I 2004 innleidde Noreg eit nærare samarbeid med EU med kodeksen for våpeneksport som ramme. Norske data om eksporten av forsvarsmateriell bli tekne med i den årlege rapporten frå EU-landa i samband med EU-kodeksen i 2005.

Noreg har formannskapet i eksportkontrollregimet Nuclear Suppliers Group (NSG) frå juni 2005 til juni 2006. Formannskapet er ei viktig påskjønning av det arbeidet Noreg gjer på ikkje-spreiingsområdet, og vil gje oss eit godt høve til å medverke ytterlegare til å hindre spreining av kjernefysiske våpen.

I 2003 gjennomførte Wassenaar-samarbeidet³ ei omfattande styrking og vidareutvikling av samarbeidet om kontroll med konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi. Det vart mellom anna oppnådd semje om felles kriterium for kontroll med berbare luftvernsystem (MANPADS) og handvåpen.

Standardane for eksport av forsvarsmateriell som vert utvikla innanfor Wassenaar-samarbeidet (WA), legg saman med EU-kodeksen for våpeneksport føringar for den norske praktiseringa når det gjeld kontroll med eksporten av forsvarsmateriell.

Noreg gjennomfører vedtaka om våpenembargo som er gjorde av Tryggingrådet i FN og i OSSE. Noreg har også slutta seg til og etterlever

² Høvesvis St.meld.nr. 29 (2001-2002), St.meld.nr. 35 (2002-2003) og St.meld.nr. 41 (2003-2004).

³ Multilateralt eksportkontrollregime for konvensjonelle våpen og sensitive fleirbruksvarer.

EU-vedtak om våpenembargoar. Dette er ein politikk regjeringa tek sikte på å vidareføre.

Noreg har eit nært samarbeid med andre nordiske land og nærstående land elles om eksportkontrollspørsmål. Nordisk-baltiske konsultasjonar om ikkje-spreiing og eksportkontroll vert haldne kvart halvår. Det er teke eit særskilt initiativ med sikte på styrking av eksportkontrollen i dei baltiske landa. Frå norsk side er det lagt vesentleg vekt på å medverke til å styrkje det internasjonale ikkje-spreiings- og eksportkontrollarbeidet gjennom dialog og kompetanseoverføring.

I kapittel 4 er det gjort nærare greie for det internasjonale samarbeidet om eksportkontroll og ikkje-spreiing, medrekna tiltak mot internasjonal terrorisme.

I kapittel 5 er det gjort greie for saksbehandlinga i Utanriksdepartementet når det gjeld eksportkontrollsaker. Det vert òg gjort greie for behandlinga av søknader om utførselsløyve for

både forsvarsmateriell (liste I) og fleirbruksvarer⁴ (liste II).

Dei siste åra har forsvarsindustrien gjennomført vesentlege tilpassingar til ein endra internasjonal marknad. Omstrukturering og internasjonalisering har ført til at norske forsvarsmateriellbedrifter har satsa på utvikling av nisjekompetanse innanfor ramma av fleirnasjonalt samarbeid. Det er gjort nærare greie for dette arbeidet i kapittel 6.

Talmaterialet som ligg til grunn for oversiktene over eksport, utførte tenester og reparasjonar for utanlandske oppdragsgjevarar på forsvarsmaterielområdet, går fram av kapittel 7. Verdien av eksporten representerer reelle sal, og er basert på rapportar frå eksportørane sjølve. Departementet kontrollerer rapportane mot tildelte løyve og lisensar.

⁴ Fleirbruksvarer er i utgangspunktet tenkte til sivil bruk, men kan i tillegg ha viktige militære bruksområde.

2 Utanriksdepartementets arbeid for større innsyn

I St.meld. nr. 41 (2003-2004) om eksport av forsvarsmateriell frå Noreg i 2003 vart det lagt vekt på å gje auka innsyn i eksporten. Dette vart mellom anna gjort ved å gje fleire detaljar om aktuelle varer og teknologi.

Meldinga som no vert lagd fram, følgjer difor same format som meldinga for 2003 når det gjeld graden av innsyn. Det er lagt vekt på å skildre varene og teknologien som er utført i størst mogeleg detalj og å opplyse om kva land som har fått varene. For å gjere framstillinga av eksportomfanget meir oversiktleg er det dessutan utarbeidd diagram og grafiske framstillingar. Det er òg informert om formidling av forsvarsmateriell mellom tredjeland og om overføring av produksjonsrettar for forsvarsmateriell til utlandet.

Informasjonen er slik inndelt:

- varer som er utførte, mellom anna korleis varene fordeler seg på A- og B-materiell;
- land som har teke imot varene.

I tillegg er det gjeve innsyn i:

- avslag på lisenssøknader;
- løyve til formidling av forsvarsmateriell frå eit tredjeland til eit anna;
- løyve til overføring av produksjonsrettar.

Følgjande tiltak skal gjere framstillinga meir oversiktleg:

- eksporten fordelt på regionar er framstilt i form av diagram;
- eksportutviklinga frå år til år er framstilt grafisk;
- forklaringar, mellom anna i form av fotnotar, vert brukte i større omfang.

Utanriksdepartementet kan krevje at eksportørane legg fram alle opplysningar som ein finn nødvendige i samband med behandlinga av søknader om eksportlisens. Den vide retten til innhenting av bedriftssensitiv informasjon har sitt motstykke i teiepliktreglane i lova.

Desse reglane skal mellom anna vareta omsynet til at det er relativt få norske bedrifter som eksporterer forsvarsmateriell, og at norske eksportørar av den grunn er særleg sårbare når det gjeld bedriftssensitiv informasjon. Sjølv om departementet arbeider for større innsyn i eksportkontroll saker, må dette innsynet likevel praktiserast innanfor dei grensene den lovpålagde teieplikta inneber.

Når det gjeld rutinane for å gje Stortinget innsyn i eksporten av forsvarsmateriell, meiner regjeringa at Stortinget får tilstrekkeleg innsyn gjennom den årlege stortingsmeldinga om eksport av forsvarsmateriell. Regjeringa vil samtidig vidareføre praksisen med å konsultere og informere Stortinget om særleg omfattande og viktige saker.

3 Eksportkontrollregelverket

Utanriksdepartementet har ansvaret for kontrollen med eksport frå Noreg av våpen, ammunisjon og anna militært materiell¹, fleirbruksvarer², teknologi og tenester. Kontrollen går føre seg på grunnlag av eit eige regelverk som omfattar lov, forskrifter, retningslinjer og kontrollister.

Utanriksdepartementet gjennomførte i 2004 ei rekkje endringar i forskriftene. I løpet av 2005 vil det også bli gjort endringar i eksportkontrolllova.

Eksporten av våpen og militært materiell er i utgangspunktet eit nasjonalt ansvar. Samstundes finn det stad ei stadig aukande samordning av kontrollen i internasjonale forum. I 1998 slutta Noreg seg til EU-kodeksen for våpeneksport. I 2004 vart det inngått ein avtale mellom Noreg og EU om eit nærare samarbeid innanfor ramma av dei åtte kriteria i kodeksen.

3.1 Eksportkontrolllova

Lov av 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v. er grunnlaget for eksportkontrollen. Varer, tenester og teknologi som kan spele ei rolle for andre lands utvikling, produksjon eller bruk av produkt til militære formål, eller som direkte kan tene til å utvikle eit lands militære evne, må ikkje førast ut utan løyve frå Utanriksdepartementet. Liste I (våpen og militært materiell) og liste II (fleirbruksvarer) inneheld produkt og teknologi som krev slikt løyve. Kontrollen med teknologi omfattar òg immateriell teknologioverføring.

Lova set forbod mot at personar som har bustad eller opphaldsstad i Noreg og norske selskap, stiftingar og samanslutningar driv handel med, formidlar eller på anna vis medverkar til sal av våpen og militært materiell frå eit framandt land til eit anna utan særskilt løyve.

Alle har plikt til å gje departementet den hjelp det treng for å kontrollere at reglane i lova eller forskriftene er følgde. Dette gjeld alle opplysningar som er å rekne som nødvendige i samband med behandlinga av søknader om eksportlisens. Ein

slik rett til innhenting av bedriftssensitiv informasjon har sitt motstykke i teiepliktreglane i lova.

Dersom eit tilhøve ikkje vert ramma av strengare straffebod, blir forsetteleg brot på regelverket straffa med bøter eller fengsel inntil fem år eller begge delar. Aktaust brot kan straffast med bøter eller fengsel inntil to år. Dersom lovbrottet er gjort av ein som handlar på vegner av eit selskap med avgrensa ansvar, eit kommandittselskap eller ei anna samanslutning eller ei stifting, kan føretaket ileggjast bot.

Arbeidet med lovendringar

Bakgrunnen og behovet for å endre *Lov av 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi* var at lova berre regulerte utførsel som kan "tjene til å utvikle et lands militære evne". Terroråtaka i USA 11. september 2001 førte til at Utanriksdepartementet sette i gang eit arbeid for å lovfeste krav om kontroll med utførsel av andre varer, teknologi og tenester som kan brukast til terrorformål.

Lovendringa inneber samstundes at det vert innført ein heimel for å kontrollere formidling av særleg sensitive varer³ mellom to tredjeland. Personar som har fast opphald i Noreg og norske selskap og institusjonar må mellom anna ha løyve frå Utanriksdepartementet for å kunne formidle sal av slike varer mellom to tredjeland. Dette vil vere med på å styrkje kontrollen med den internasjonale handelen med visse typar særleg sensitive varer og teknologi.

Utanriksdepartementet la fram ei tilråding i tråd med ovannemnde lovendringar 18. februar 2005, jf. Ot.prp.nr. 47 (2004-2005). Saka vart behandla i Odelstinget 25. april 2005, jf. Innst.O.nr. 74 (2004-2005). Lovforslaget er sendt Lagtinget for endeleg handsaming.

Begge endringane gjeld § 1 i lova, høvesvis første og andre ledd (endringane er sette i kursiv):

"Kongen kan bestemme at varer og teknologi som kan være av betydning for andre lands utvikling, produksjon eller anvendelse av produkter til militært bruk eller som direkte kan

¹ Forsvarsmateriell omtala på Utanriksdepartementets liste I.
² Sivile produkt som har viktige militære bruksområde. Omtala på Utanriksdepartementets liste II.

³ I forskrifta vil slike sensitive varer bli konkretiserte til å omfatte kjernefysiske varer, jf. Liste II Kategori 0.

tjene til å utvikle et lands militære evne, samt varer og teknologi som kan benyttes til å utøve terrorhandlinger, jf. straffelovens § 147 a første ledd, ikke må utføres fra norsk tollområde uten særskilt tillatelse. Det kan også settes forbud mot at det uten særskilt tillatelse ytes tjenester som nevnt i første punktum. Det kan settes vilkår for tillatelsene.

Kongen kan likeså sette forbud mot at personer som har bopel eller oppholdssted i Norge og norske selskaper, stiftelser og sammenslutninger uten særskilt tillatelse driver handel med, formidler eller på annen måte bistår ved salg av våpen og militært materiell fra et fremmed land til et annet. *Tilsvarende gjelder for strategiske varer og teknologi som er nærmere angitt i forskrift.*

Kongen gir nærmere forskrifter til utfylling og gjennomføring av loven.”

For å sikre gjennomføringa vil endringane i eksportkontrolllova krevje oppdatering av eksportkontrollforskrifta. Utanriksdepartementet tek sikte på å leggje fram forslag om slike forskriftsendringar i løpet av 2005.

3.2 Forskrift til gjennomføring av eksportkontrollen

Det er utferda forskrift i medhald av eksportkontrolllova. Forskrift av 10. januar 1989 gjev nærare reglar om gjennomføringa av eksportreguleringa. Denne forskrifta inneheld mellom anna krav om lisens ved utførsel av varer og tilhøyrande teknologi på vareliste I (våpen og militært materiell) og vareliste II (fleirbruksvarer). Det krevst dessutan løyve ved utførsel av nærare fastsett teknologi, medrekna immaterielle ytingar, tekniske data-pakkar og produksjonsrettar for varer, i tillegg til visse tenester. Vidare inneheld forskrifta føresegnar om visse unntak frå lisensplikta og administrative føresegnar om oppbevaring av løyve og om rett for departementet til å stille vilkår for tildeling av lisens. I 2000 vart ein ny paragraf (§ 13) lagd til. Denne gjev departementet høve til å kalle tilbake ein lisens dersom grunnlaget for tildelinga er vesentleg endra.

Forskrift av 10. mars 1989 som gav nærare reglar om eksport av tungtvatn, vart oppheva 18. april 2002. Bakgrunnen var at det gjennom dei siste åra har vakse fram eit omfattande internasjonalt kontrollregime for leveransar av visse sensitive kjernefysiske varer, mellom anna tungtvatn. For å sikre etterleving av desse krava er forskrifta erstatta av interne retningslinjer for Utanriksdepartementet si vurdering av søknader om utførsel av kjernefysiske varer. Retningslinjene gjer greie

for politiske prinsipp og prosedyrar som skal leggjast til grunn for denne vurderinga.

For gjennomføring av bindande vedtak i Tryggingrådet i FN om fullstendig eller delvis handelsembargo mot visse land, blir det utferda forskrifter med heimel i *Lov av 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindende vedtak av de Forente Nasjoners Sikkerhetsråd*. På denne måten blir bindande vedtak i Tryggingrådet gjorde til norsk rett.

Arbeidet med forskriftsendringane

Forskrifta frå Utanriksdepartementet av 10. januar 1989 om gjennomføring av eksportregulering vart endra 24. november 2004. Formålet var å sikre eit oppdatert regelgrunnlag for den kontrollen Utanriksdepartementet som kontrollorgan skal utføre. Forskriftsendringane vil:

- sikre at norsk regelverk er på linje med EU-forordning 1334/2000 av 22. juni 2000 om kontroll med leveransar av varer og teknologi med fleirbrukspotensial. Noreg har også forplikta seg til å etterleve ein slik praksis gjennom konsensusvedtak i Wassenaar-samarbeidet. Endringa medfører at det er innført lisensplikt for alle former for varer, teknologi eller tenester til militær bruk til område under våpenembargo vedteken av Tryggingrådet i FN med heimel i FN-pakta kapittel VII,
- heimle unntak som tidlegare er gjeve i brevs form til Forsvarsdepartementet om unntak frå lisensplikta når det gjeld utførsel frå norsk forsvarsmakt, på den føresetnad at eigedomsretten til vara ikkje vert overført og at vara skal nyttast av norske styrkar i utlandet eller mottakaren er forsvarsmakt i NATO- eller EU-land. Forsvarsmakta skal årleg sende rapport om slik utførsel til Utanriksdepartementet,
- innebere ei klarere grensedraging mot Justisdepartementets forskrift om skytevåpen, våpendelar og ammunisjon av 25. januar 1963 nr. 9722, sjettedel (Våpenforskrifta) når det gjeld ikkje-yrkesmessig utførsel,
- tydeleggjere reglane for transitt av militære varer og teknologi over norsk tollområde,
- tydeleggjere unntak frå lisensplikt for utførsel til den europeiske romfartsorganisasjonen ESA, jf. ESA-konvensjonen,
- heimle plikta for eksportøren til å føre rekneskap over tidlegare utførslar i medhald av tildelte løyve, og utvide oppbevaringsplikta for løyve og relevant dokumentasjon til 10 år i samsvar med rekneskapslova § 2-7,
- presisere den retten tollmakta og Utanriksdepartementet har til å kontrollere rekneskapar og eksportdokument hos eksportørane,

- leggje til rette for elektronisk oversending av søknader og løyve, jf. tiltak i regi av NHDs eRegelprosjekt som tek sikte på å fjerne føresegner som kan vere til hinder for elektronisk kommunikasjon.

Endringane representerer samla ei reell styrking av Utanriksdepartementets evne til å utøve eksportkontroll.

Kontrollistene

Forsvarsprodukta som er omfatta av denne meldinga, er spesifiserte i liste I. Fleirbruksvarer er oppførte i liste II. Rettsleg sett er listene ein del av forskriftsverket. For utførsel av varer som er spesifiserte i listene, krevst utførselslisens frå Utanriksdepartementet. Vidare krevst skriftleg løyve ved overføring av teknologi som er oppført i listene og relaterte tenesteytingar for utanlandsk kunde, enten tenesta vert utført i Noreg eller i utlandet.

Innanfor dei multilaterale eksportkontrollregima vert det arbeidd med å få varer og teknologi som kan brukast i terrorverksemd inn under eksportkontroll. Det er fatta fleire vedtak om utviding av varelistene i desse regima, mellom anna når det gjeld ubemanna luftfarkostar (UAV) og visse glattbora skytevåpen. Det vert òg drøfta om det skal førast opp nye varer og ny teknologi på desse listene.

Dei norske listene (liste I og II) vert jamleg oppdaterte i samsvar med dei endringar som vert gjorde i listene for dei multilaterale regima.

Anna lisensplikt. Særlege unntak frå lisensplikta

I tillegg til lisensplikta for varer, teknologi og tenester som er spesifiserte i kontrollistene, har forskriftene reglar som i spesielle tilfelle fangar opp varer som ikkje er spesifiserte i listene. Det finst tre slike reglar ("catch all"-reglar) i forskriftene (§ 1 f, g og h).

Den eine føresegna seier at ved utførsel for militær bruk til område der det er krig eller krig truar eller til land der det er borgarkrig, er varer, teknologi og tenester av alle slag lisenspliktige sjølv om dei ikkje er omfatta av listene.

Den andre føresegna gjev heimel til å krevje lisens for varer, teknologi og tenester av alle slag sjølv om dei ikkje er omfatta av listene frå Utanriksdepartementet i tilfelle der eksportøren er kjend med at desse er tiltenkte eller vil bli brukte i samband med utvikling, produksjon, vedlikehald, lagring, deteksjon, identifikasjon eller destruksjon av kjernevåpen eller kjemiske eller biologiske våpen. Tilsvarande gjeld i samband med utvikling, pro-

duksjon, vedlikehald eller lagring av missil som leverer slike våpen.

Vidare er det, uavhengig av listene frå Utanriksdepartementet, lisensplikt for alle former for varer, teknologi eller tenester til militær bruk i område under våpenembargo vedteken av Tryggingrådet i FN med heimel i FN-pakta kapittel VII. Dette er i tråd med vedtak fatta innanfor Wassenaar-samarbeidet i desember 2003.

3.3 Retningslinjer for Utanriksdepartementet

Retningslinjene for korleis Utanriksdepartementet skal behandle søknader om eksport av våpen, militært materiell, teknologi og tenester for militære formål, vart offentleggjorde 28. februar 1992. Retningslinjene skal gjere det lettare å vite kva det kan gjevast utførselsløyve til. Retningslinjene forklarar mellom anna kva prinsipp som skal leggjast til grunn for vurderinga av kva land som kan ta imot forsvarsmateriell frå Noreg. Retningslinjene definerer kategoriar av materiell som kan eksporterast til dei ulike landgruppene og dokumentasjonskrava som gjeld.

Kontrollen med eksport av våpen og militært utstyr byggjer på regjeringserklæringa av 11. mars 1959 og stortingsvedtaket av same dato, som slår fast at "det skal ved avgjørelsen legges vekt på de utenriks- og innenrikspolitiske vurderinger, og hovedsynspunktet bør være at Norge ikke vil tillate salg av våpen og ammunisjon til områder hvor det er krig eller krig truer, eller til land hvor det er borgerkrig".

I vedtak av same dato tek Stortinget "til etterretning den erklæring Statsministeren på vegne av Regjeringen har lagt frem. Stortinget vil sterkt understreke at eksport av våpen og ammunisjon fra Norge bare må skje etter en nøye vurdering av de uten- og innenrikspolitiske forhold i vedkommende område. Denne vurderingen må være avgjørende for om eksport skal finne sted". Utanriksdepartementets vurdering av desse tilhøva omfattar ei rekkje politiske og tekniske spørsmål, mellom anna spørsmål knytte til demokratiske rettar og respekt for grunnleggjande menneskerettar, jf. også St.meld. nr. 43 (1997-98), nr. 45 (2000-2001), nr. 29 (2001-2002) og nr. 35 (2002-2003).

Eit samrøystes Storting slutta seg til ei presisering som Bondevik I-regjeringa gjorde i 1997 om at "Utanriksdepartementets vurdering av disse forholdene omfatter en vurdering av en rekke politiske spørsmål, herunder spørsmål knyttet til

demokratiske rettigheter og respekt for grunnleggende menneskerettigheter”.

Retningslinjene opererer ikkje med landlister, men definerer tre landgrupper som er retningsgjevande for Utanriksdepartementets vurdering av kven som kan ta imot forsvarsmateriell frå Noreg. Landgruppe 1 er NATO-medlemslanda og dei nordiske landa, pluss andre land som etter ei grundig vurdering kan godkjennast av departementet som mottakarar av våpen og ammunisjon. Landgruppe 2 er land som Noreg på grunn av regelverket ikkje kan eksportere forsvarsmateriell til. Dette er land der det er krig eller der krig truar, land der det er borgarkrig, land der ei omhyggeleg vurdering av dei utan- og innanrikspolitiske tilhøva tilseier at eksport av forsvarsmateriell ikkje bør finne stad, og land som Tryggingrådet i FN har vedteke sanksjonar mot. Landgruppe 3 er land utanfor gruppe 1 og 2 som Noreg ikkje sel våpen og ammunisjon til. Land i gruppe 3 kan etter ei nøye vurdering eventuelt ta imot anna militært materiell.

Retningslinjene skil mellom materiell i kategori A og kategori B. Begge kategoriane er omfatta av liste I. Med kategori A-materiell forstås ein våpen og ammunisjon av alle slag, og elles materiell som i vesentleg grad vil kunne påverke dei militære styrkeforholda utover nærområdet, medrekna materiell for havovervaking og elektroniske tiltak mot satellittborne system. Kategori B-materiell er anna forsvarsmateriell som ikkje har dei eigenskapane eller bruksområda som er definerte for varekategori A. Retningslinjene seier at det for A-materiell berre kan tildelast lisens når kunden er eller opptre på vegner av forsvarsmakta i mottakarlandet. Dette må dokumenterast.

Dokumentasjonskrav og sluttbrukarkontroll

Saksbehandlninga i Utanriksdepartementet skal sikre at det ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon før utførselsløyve kan innvilgast. Kravet til dokumentasjon vil vere avhengig av mottakar og kva slag materiell det er snakk om.

Dokumentasjon kan vere ei sluttbrukarerklæring der mottakaren erklærer at vedkommande er endeleg brukar/mottakar av materiellet, opplyser kvar det skal installerast og brukast og erklærer at materiellet ikkje skal vidareselest utan samtykke frå norske styresmakter. I visse saker kan det bli kravd at sluttbrukarerklæringa skal vere stadfest av styresmakt.

I visse tilfelle kan faktura, kjøpekontrakt eller ordrestadfesting vere tilstrekkeleg dokumentasjon. Når det gjeld innsatsvarer som krut og sprengstoff eller komponentar, trengst det ei kundeerklæring som stadfester at materiellet heilt og

fullt skal nyttast i importørens eigen produksjon, at det ikkje vil bli vidareeksportert separat og at det vil inngå i det ferdige produktet utan at dette er å rekne som norsk. Importsertifikat skal sikre at eventuell reeksport er i samsvar med eksportkontrollreglane i importlandet.

Ved eksport av våpen og anna militært materiell mellom forsvarsmaktene i NATO-land er det mangeårig praksis for at ein som hovudregel ikkje krev sluttbrukarerklæring med reeksportklausul. Årsaka til dette er at ein har basert seg på tillit til at ein annan alliansepartnar ikkje reeksporterer det importerte materiellet. Dette er det gjort greie for overfor Stortinget, mellom anna i St.meld. nr. 9 (1996-97) om eksport av forsvarsmateriell frå Noreg i 1996. Det har heller aldri vore sett geografiske grenser for kvar forsvarsmaktene i NATO-land kan bruke militært materiell importert frå Noreg.

For å sikre mest mogeleg like rammevilkår trengst det internasjonal samordning av dokumentasjonskrav og sluttbrukarkontroll. Det skjer ei internasjonal utveksling av opplysningar om og synspunkt på kva dokumentasjonskrav som bør stillast. Målet er å komme fram til meir einsarta standardar og prosedyrar på internasjonal basis, mellom anna med sikte på å hindre ulovleg våpenhandel. Både innanfor OSSE- og Wassenaar-samarbeidet er det oppnådd semje om rettleiande format for sluttbrukarsertifikat.

Delleveransar og fleirnasjonale produkt

Retningslinjene tek omsyn til at eksporten kan ha ulike formål, t.d. samarbeids- og utviklingsprosjekt, tenester eller teknologioverføringar. Produkta kan ha sjølvstendig funksjon eller vere delleveransar. Med delar er meint varer utan sjølvstendig funksjon, t.d. elektronikkomponentar, programvare eller metallhylser. For delleveransar skal søknaden i utgangspunktet behandlast på same måten som ved eksport av sluttproduktet. Retningslinjene opnar likevel for at norsk kontroll med sluttbrukar kan fråvikast i særskilde tilfelle. Dette gjeld mellom anna ved samarbeidsavtalar som er godkjende av norske styresmakter, jf. kap. VII.2 i retningslinjene. Desse reglane gjeld når det ferdige produktet ikkje er å rekne som norsk.

Unntak frå hovudregelen om norsk sluttbrukarkontroll kan også gjerast på visse vilkår dersom produktet er resultat av eit fleirnasjonalt samarbeid. I kap. III om samarbeids- og utviklingsprosjekt gjev retningslinjene rom for at det ferdige produktet i slikt samarbeid kan eksporterast etter reglane i samarbeidslandet dersom produktet ikkje er å rekne som norsk.

Retningslinjene frå 1992 var ikkje heilt klare i spørsmålet om korleis søknader om utførsel av produkt med fleirnasjonal identitet skulle behandlast. Auka integrasjon i forsvarsindustrien og større internasjonalt samarbeid om utvikling og produksjon av forsvarsmateriell skapte nye utfordringar for eksportkontrollen.

I 1998 vart det difor teke inn eit nytt kapittel IV som set nærare reglar for behandlinga av fleirnasjonale produkt.

3.4 EU-kodeksen

Noreg slutta seg til EU-kodeksen for våpeneksport i 1998. Dei åtte kriteria i kodeksen har hittil vore handheva innanfor ramma av det norske regelverket, men utan direkte tilvising til dei enkelte kriteria i kodeksen. Målsetjinga er at norsk regelverk og praksis skal halde minst same standard som i EU.

Kodeksen har sidan han vart sett i verk i 1998 utvikla seg til eit internasjonalt referanseverk for lisensiering av våpen og militært materiell. I tillegg dannar kodeksen i aukande grad ein standard for innsyn i utførselen av våpen og militært materiell. I det multilaterale eksportkontrollsamrådet, der også Noreg deltek, vert det i aukande grad referert til EU-kriteria. Frå norsk side legg ein stor vekt på å medverke til internasjonalt aksept for høge standardar på dette området, både når det gjeld ansvarleg behandling av søknader om utførsel og når det gjeld formatet på innsyn i slik handel.

På denne bakgrunnen inngjekk Noreg og EU i 2004 ein avtale om eit nærare samarbeid innanfor ramma av kodeksen. Samarbeidet inneber mellom anna at det regelmessig skal utvekslast informasjon om avslag på søknader om eksport av våpen

og militært materiell med utgangspunkt i prinsippa i kodeksen.

EU-kodeksen inneheld følgjande kriterium som skal leggjast til grunn i vurderinga av søknader om utførselsløyve:

- korleis mottakarlandet etterlever folkerettslege plikter, mellom anna sanksjonar vedtekne av Tryggingrådet i FN, ikkje-spreiingsavtalen for kjernevåpen (NPT), kjemivåpenkonvensjonen (CWC) og konvensjonen mot biologiske våpen (BWC);
- korleis mottakarlandet gjennomfører eksportkontroll, mellom anna kontroll med eksport av antipersonellminer;
- innanrikspolitiske tilhøve knytte til mellom anna etterleving av menneskerettar;
- om ein leveranse kan medverke til eller forlenge eksisterande uro eller væpna konflikter;
- tilhøve knytte til regional fred, tryggleik og stabilitet;
- korleis mottakarlandet stiller seg til terrorisme, organisert kriminalitet, alliansemedlemskap og respekt for folkeretten;
- risikoen for at utstyr kan bli vidarelevert eller reeksportert til uønskte mottakarar;
- om våpenkjøpet er i konflikt med det legitime forsvarsbehovet i mottakarlandet eller kan vere til alvorleg hinder for berekraftig utvikling.

Dei siste par åra er det gjort eit omfattande arbeid i EU med sikte på å vidareutvikle og styrkje kodeksen. Det er lagt opp til at EU-landa vil vedta forslag om ytterlegare mekanismar for kontroll med våpen og militært materiell i 2005.

Norsk omsetjing av EU-kodeksen er lagd ved Utanriksdepartementets retningslinjer frå 1992, jf. vedlegg 3 i denne meldinga.

4 Multilateralt eksportkontroll-samarbeid og tiltak mot internasjonal terrorisme

Dei siste åra er multilateral eksportkontroll blitt eit viktig verkemiddel i arbeidet for å hindre spreiding av masseødeleggingsvåpen og oppbygging av konvensjonell militær kapasitet som kan representere ein trussel mot internasjonal stabilitet og tryggleik. Etter terroråta 11. september 2001 har det internasjonale samfunnet sett i verk nye tiltak og styrkt eksisterande retningslinjer for å hindre at våpen, militært materiell og sensitive fleirbruksvarer med potensial for utvikling av masseødeleggingsvåpen kjem i hendene på terroristar.

Utgangspunktet for dette er tryggingrådsresolusjon 1373 (2001), som pålegg medlemslanda å treffe nødvendige tiltak mot terrorisme, mellom anna gjennom lovgjeving og kontrolltiltak på nasjonalt plan.

Tryggingrådet i FN vedtok 28. april 2004 resolusjon 1540 om ikkje-spreiing av masseødeleggingsvåpen, som viser til at medlemslanda pliktar å hindre spreiding av masseødeleggingsvåpen gjennom nasjonale tiltak og kontrollordningar retta mot ikkje-statlege aktørar, mellom anna etablering og handheving av effektiv lovgjeving. Det er etablert ein eigen FN-komité som skal følgje opp etterlevinga i medlemslanda.

Rapporteringskrava er særleg knytte til nasjonal lovgjeving når det gjeld import- og eksportkontroll, politi- og tollkontroll og fysisk sikring av sensitivt materiale.

Resolusjon 1540 representerer ei viktig støtte til eksportkontrolltiltak som verkemiddel i kampen mot spreiding av masseødeleggingsvåpen. Han forpliktar alle medlemslanda til å motarbeide spreiding av kjernevåpen, biologiske og kjemiske våpen og leveringsmiddel for slike våpen. Denne plikta gjeld uavhengig av om eit land er part i dei globale nedrustings- og ikkje-spreiingsavtalane.

Spørsmålet om korleis eksportkontrollregima kan medverke til ytterlegare å hindre at sensitive varer og teknologi kjem ut av ansvarleg offentleg kontroll utan at det ligg føre verifiserbare forsikringar om sivil bruk, står høgt på den internasjonale saklista.

Føremålet med samarbeidet i eksportkontrollregima er å sikre gjennomføring og etterleving av internasjonale traktatar som avgrensar eller forbyr

ulike våpentypar. Dette gjeld avtalen om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen (NPT), konvensjonen om kjemivåpen (CWC) og konvensjonen om forbod mot biologiske våpen (BWC).

Innanfor dei multilaterale eksportkontroll- og ikkje-spreiingsregima er det teke ei rekkje initiativ for å medverke til å oppfylle tryggingrådsresolusjon nr. 1373 og resolusjon nr. 1540. Første skrittet har vore å oppdatere basisdokumenta for regima slik at verkeområda no også omfattar tiltak som kan hindre spreiding av sensitive varer og teknologi til terroristar. Det har skjedd ei vesentleg styrking av mekanismane for utveksling av informasjon, kontroll med transittendingar, styrking av grensekontroll og kontroll med formidling mellom tredjeland og immateriell teknologioverføring. I tillegg er det sett i gang eit arbeid for å vurdere kva for nokre av dei sensitive varene som ikkje står på kontrollistene i dag, som kan vere mest attraktive for terroristar. Dette gjeld t.d. utstyr som kan forstyrre samband (jammeutstyr) og visse typar laserutstyr.

Det vert gjort felles innsats for å sikre størst mogeleg grad av samordning og samarbeid mellom leverandørlanda. Ein føresetnad er at informasjonen som blir utveksla, også vert teken i bruk av dei nasjonale trygging-, lisensierings- og kontrollapparata.

I tillegg til utveksling av informasjon om sluttbrukarar, frontelskap, omsetningsmetodar, fraktruter og prosjekt som det knyter seg særleg uro til i spreingssamanheng, skjer det ei omfattande utveksling av informasjon mellom regimelanda om faktisk eksport og avslag på lisenssøknader. Det er dessutan etablert krypterte elektroniske kommunikasjonssystem.

Konvensjonell våpeneksport er i utgangspunktet eit nasjonalt ansvar, og må dessutan sjåast i samanheng med eigne tryggingssinteresser og eigen beredskap. Det er eit positivt trekk at samarbeidet og koordineringa landa imellom om eksportkontroll knytt til konvensjonelle våpen og militært materiell er utvida dei siste åra.

Liste I i det norske eksportkontrollsystemet er i utgangspunktet ei nasjonal liste over våpen og militært materiell, men det er i utarbeidinga sytt

for at ho også dekkjer våpen og andre militære varer på dei internasjonale listene¹.

Kontrollen med fleirbruksvarer (liste II i det norske systemet), dvs. varer og teknologi som i tillegg til sine sivile og kommersielle eigenskapar også har eit potensial i utvikling av masseødeleggingsvåpen eller i konvensjonell militær samanheng, byggjer utelukkande på det multilaterale samarbeidet og dei pliktene deltakarlanda i eksportkontrollregima har teke på seg i denne samanhengen.

Dei siste åra har ein sett aukande aktivitet frå EU-hald innanfor dei multilaterale eksportkontrollregima. Eksportkontroll er eitt av dei tre satsingsområda EU-landa har vedteke i kampen mot terrorisme. Samarbeidet og koordineringa mellom EU-landa er omfattande både når det gjeld eksport av våpen og militære varer og når det gjeld fleirbruksvarer. På norsk side vert fleirbruksregimet i EU brukt som utgangspunkt for den norske kontrollen, både når det gjeld kontrollista og kontrollmekanismane.

Initiativet for spreiiingstryggleik

På bakgrunn av frykta for at terroristar skal til-eigne seg masseødeleggingsvåpen, har ei rekkje land teke initiativ til eit sterkare internasjonalt samarbeid for å avskjere handel med og transport av masseødeleggingsvåpen og relatert teknologi. Noreg vart med i initiativet for spreiiingstryggleik (PSI, "Proliferation Security Initiative") i mars 2004.

Formålet med initiativet er å gjere det lettare å gripe inn mot transport av masseødeleggingsvåpen og relatert teknologi i spreiiingssamanheng. I initiativet for spreiiingstryggleik er det etter kvart lagt meir vekt på politi- og justissamarbeid og på opprulling av internasjonale nettverk for omsetning og spreiiing av masseødeleggingsvåpen. Norsk deltaking i PSI-initiativet representerer ei naturleg vidareføring av engasjementet vårt når det gjeld ikkje-spreiiing og kamp mot internasjonal terrorisme.

Wassenaar-samarbeidet

Wassenaar-samarbeidet (WA, The Wassenaar Arrangements) har som målsetjing å hindre leveransar som kan føre til destabiliserande oppbyg-

ging av konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi, og å hindre terroristar og terrorgrupper i å få tilgang til slike våpen. WA er det einaste regimet som tek føre seg konvensjonelle våpen og militært utstyr.

I 2003 gjennomførte WA for andre gong ein revisjonsprosess med sikte på å styrkje og vidareutvikle dei bindande krava i samarbeidet. Slike styrkingsprosessar skal etter planen gjennomførast fjerdekvart år. For første gong sidan etableringa i 1996 vart det oppnådd semje om ei rekkje substansielle tiltak for å styrkje kontrollen med leveransar av konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi. WA er i dag eit solid og relevant eksportkontrollregime med høge standardar.

Noreg leidde forhandlingane som førte til at felles prinsipp for nasjonal kontroll med formidling av våpen og militært materiell mellom to framande land vart vedtekne på plenumsrådet i desember 2003. Dette representerer eit vesentleg framsteg i arbeidet med å styrkje kontrollen med internasjonale våpenhandel. Vidare vart det avtala retningslinjer for kontroll med berbare luftvernssystem (MANPADS). Noreg spelar ei leiande rolle i forhandlingane om oppdatering av kontrollistene. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2005.

Australia-gruppa

Australia-gruppa (AG) vart etablert i 1984 og har til formål å hindre spreiiing av kjemiske og biologiske våpen. Ein har grunn til å mistenkje fleire land for å sitje inne med slike våpen. Det er òg frykt for at terroristar kan få tilgang til kjemiske og biologiske våpen eller relevante utgangsstoff. For å sikre ei mest mogeleg einsarta etterleving er det etablert retningslinjer som utgangspunkt for den nasjonale gjennomføringa av kontrollen i deltakarlanda.

Dei seinare åra er det fokusert stadig sterkare på å styrkje dialogen med land som ikkje deltek i regimet, men som er potensielle leverandørar av sensitive kjemikaliar og biologiske substansar. I 2004 bad Kina om ein formell dialog med Australia-gruppa. Samtidig vart det vedteke ein handlingsplan for Asia og Stillehavsområdet og ein sterkare målretta innsats overfor ei rekkje nøkkelland i spreiiingssamanheng. Det er semje om å opprette ein mekanisme som sikrar at landa verkeleg implementerer dei vedtak som blir fatta i nasjonal eksportkontrollavgjeving og -praksis. Samstundes er det urovekkjande at enkelte land som ein er bekymra for i spreiiingssamanheng, viser aukande sjølvforsyningsevne når det gjeld kapasitet til utviking av masseødeleggingsvåpen.

¹ Wassenaar-samarbeidet har etablert ei eiga kontrolliste for våpen og militært materiell i tillegg til fleirbrukslista. Også regimet for kontroll med missilteknologi (MTCR) har nokre få reine våpen på lista. Når det gjeld Nuclear Suppliers Group (NSG) og Australia-gruppa, inngår berre utgangsstoff og utstyr for høvesvis kjernefysiske, kjemiske og biologiske våpen.

Kontroll med spreiging av missilteknologi

Regimet for kontroll av missilteknologi (MTCR) har til siktemål å avgrense spreinga av missil, rakettssystem og ubemanna luftfarty som kan levere masseøydeleggingsvåpen. MTCR, der 34 land no er med, vart oppretta i 1987 av G7-landa. Noreg slutta seg til i 1990. Det er utarbeidd felles lister over teknologi og materiale som vert kontrollert, og desse vert jamleg oppdaterte. MTCR har vedteke prosedyrar for forsterka informasjonsutveksling om statar som representerer ein potensiell spreingsfare.

MTCR har vore det einaste internasjonale forumet som har til formål å hindre spreiging av leveringsmiddel for masseøydeleggingsvåpen. Som ledd i styrkinga av dette arbeidet tok MTCR-landa initiativ til å etablere ein internasjonal kodeks mot missilspreiing. "The Hague Code of Conduct" (HCOC) vart vedteken som eit sjølvstendig, multilateralt instrument i Haag i 2002.

Rundt 120 land har no slutta seg til HCOC. Gjennom tillitsskapande tiltak, mellom anna førehandsvarsling ved utskyting av rakettar og ballistiske missil, skal kodeksen avgrense utvikling og spreiging av missil som kan levere masseøydeleggingsvåpen.

Zangger-komiteen og Nuclear Suppliers Group (NSG)

Det er etablert to regime for kjernefysisk-relatert eksportkontroll. Zangger-komiteen vart oppretta i 1971 som ei arbeidsgruppe under avtalen om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen (NPT) for å sikre ei mest mogeleg einsarta tolking av avtalekravet om at partane skal sikre at det ikkje vert eksportert materiale som kan nyttast til utvikling av kjernefysiske våpen.

Nuclear Suppliers Group (NSG) vart danna i 1976 av land som ønskte ein meir omfattande eksportkontroll med kjernefysiske produkt og materiale enn den Zangger-komiteen kunne utøve. NSG omfattar to sett retningslinjer og to varelistar: ei for reint kjernefysisk materiale og teknologi (frå 1976) og ei for fleirbruksvarer og tilhøyrande teknologi (frå 1992). Fleirbruksregimet frå 1992 var eit direkte svar på avsløringane av kjernevåpenprogrammet i Irak, som i vesentleg grad var utvikla på basis av fleirbruksteknologi.

Retningslinjene krev som vilkår for leveranse av kjernefysiske varer at det ligg føre heildekkjande tryggingsskontrollavtale med IAEA og at mottakarlandet er part i NPT.

Det er teke initiativ til auka informasjonsutveksling, oppdatering av basisdokument og identifisering av produkt og teknologi som kan vere særleg relevante i terrorsamanheng og i spreings-

samanheng. Vidare er det teke initiativ til forsterka og utdjupa dialog med land som kan verke som transittpunkt for leveransar av varer til spreingsland, og med land som det knyter seg særleg uro til i spreingssamanheng.

Noreg tek over formannskapet i NSG i juni 2005.

Avtalen om ikkje-spreiing av kjernevåpen (NPT)

Avtalen om ikkje-spreiing av kjernevåpen (NPT) tok til å gjelde i 1970, og har vore med på å avgrense talet på land som har skaffa seg kjernevåpen. NPT har dei siste åra vore utsett for alvorlege påkjenningar gjennom politikken til Iran og Nord-Korea.

Noreg arbeider aktivt for å sikre eit positivt og balansert utfall av tilsynskonferansen for NPT i mai 2005. Det er ei sentral norsk målsetjing å styrkje ikkje-spreiingsregimet i NPT, og i første rekkje gjeld dette verifikasjonsevna til IAEA og evna byrået har til å gjennomføre truverdige inspeksjonar, i tillegg til obligatorisk tilslutning til Tilleggsprotokollen. Likeins vil Noreg arbeide for at retningslinjene til NSG og Zangger-komiteen om eksportkontroll blir universelt aksepterte.

Tryggingsskontrollavtalar med IAEA – Tilleggsprotokollen

Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) i Wien har ei nøkkelrolle når det gjeld gjennomføringa av tiltak for å sikre at nukleært materiale og utstyr ikkje blir brukt til militære formål. Alle statspartane i NPT pliktar å inngå tryggingsskontrollavtalar med byrået.

Tidleg på 1990-talet vart det erkjent at dei eksisterande tryggingsskontrollavtalane ikkje var tilstrekkelege. Dette førte til framforhandling av ein modell med tilleggsprotokollar til tryggingsskontrollavtalane for dei einskilde landa. Tilleggsprotokollane forpliktar partane til å gje grundigare informasjon om aktivitetar i samband med kjerneteknisk verksemd, og til å gje IAEA rett til uavhengig verifikasjon av anlegg som ikkje er innrapporterte og å utføre miljøprøver i og rundt anlegga.

FN-registeret for konvensjonelle våpenoverføringar

Generalforsamlinga i FN vedtok i desember 1991 ein resolusjon som oppfordra medlemslanda til frå og med 1992 å rapportere årleg om eigen eksport og import av tyngre konvensjonelle våpen til eit eige FN-register over våpenoverføringar. Registeret inneheld opplysningar om følgjande sju våpenkategoriar: stridsvogner, pansra stridskøyrety, tungt artilleri, jagarfly, angrepshelikopter, krigsskip og missil/missilplattformer.

FN-registeret for konvensjonelle våpenoverføringer skal gje auka innsyn i internasjonal våpenhandel. Men registeret er mangelfullt, og gjev ikkje eit fullstendig bilete av den internasjonale handelen med konvensjonelle våpen. Enno er det under halvparten av medlemslanda som rapporterer til registeret. Blant desse er likevel nesten alle dei store eksportørane av tyngre konvensjonelle våpen og dei fleste store importlanda. Noreg støttar aktivt opp om initiativ som er tekne for å utvide registeret til å omfatte fleire våpenkategoriar.

Sanksjonsvedtak i Tryggingsrådet. Andre vedtak om embargo.

Bindande vedtak om sanksjonar fatta av Tryggingsrådet i FN i medhald av FN-pakta kapittel VII, vert gjennomførte i norsk rett i forskrifts form, med heimel i *Lov til gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråd av 7. juni 1968 nr. 4*. På denne måten blir vedtak i Tryggingsrådet gjorde til norsk rett.

Noreg har delteke i ei rekkje internasjonale prosessar for effektivisering av sanksjonspolitikken i FN og styrking av gjennomføringa av sanksjonar. Mellom anna har Noreg medverka aktivt til innføring av målretta og tidsavgrensa sanksjonar.

Per 1. april 2004 var full eller delvis våpenembargo på grunnlag av sanksjonsvedtak i Tryggingsrådet sett i verk mot følgjande land: Irak, Liberia, Sierra Leone, Somalia, DR Kongo, i tillegg til Rwanda og nabostatane Burundi, Tanzania, Uganda og DR Kongo dersom våpen og relatert materiell er meint for bruk i Rwanda. I tillegg gjaldt eit forbod mot sal og forsyning av våpen o.l. til Al-Qaida og Taliban. Noreg har også valt å gjennomføre ikkje-bindande vedtak om våpenembargo mot Armenia og Aserbajdsjan.

I tillegg til dei sanksjonane Tryggingsrådet har innført, fatta OSSE i 1992 vedtak om våpenembargo i tilknytning til konflikten om Nagorno Kara-

bakh. Som medlem følgjer Noreg dette vedtaket. Noreg har dessutan slutta opp om enkelte felles haldningar vedtekne av EU om våpenembargo mot visse land. Desse vert som regel gjennomførte med utgangspunkt i eksportkontrollregelverket.

Med heimel i lov av 27. april 2001 nr. 14 (tiltakslova) har Noreg vedteke forskrift av 4. juli 2003 om særlege tiltak mot Burma (Myanmar). I tillegg har Noreg i medhald av lov av 27. juni 2003 nr. 58 om særlege tiltak mot Republikken Zimbabwe vedteke forskrift av 15. august 2003. Begge desse forskriftene omfattar mellom anna forbod mot eksport av våpen eller tilknytt materiell til dei to landa og formidling av teknisk bistand eller opplæring knytt til slikt materiell.

Handvåpen

Eksportkontroll og ulovleg internasjonal handel med handvåpen er dagsaktuelle spørsmål i FN, EU, OSSE og Wassenaar-samarbeidet (WA). Under plenumsrådet i Wassenaar-samarbeidet i desember 2002 vart det vedteke substansielle retningslinjer for å styrkje deltakarlanda sin kontroll med leveransar av handvåpen og lette våpen. Noreg leidde forhandlingane som i desember 2003 førte til semje om felles Wassenaar-kriterium som utgangspunkt for medlemslanda si lovgjeving om våpenformidling mellom to tredjeland.

Under generalforsamlinga i FN hausten 2003 vart det etter eit norsk initiativ vedteke å starte forhandlingar i 2004 om ein internasjonal avtale om merking og sporing av handvåpen. Forhandlingane tok til i januar 2005 og er venta å vere sluttførte i juni 2005.

Noreg har også støtta ei rekkje prosjekt for å betre lovgjeving og internasjonalt samarbeid og for å leggje til rette for innsamling og destruksjon av handvåpen i utsette område. I samband med dette samarbeider vi nært med regionale organisasjonar, spesielt i Afrika.

5 Saksbehandling i Utanriksdepartementet og samarbeid med andre instansar

5.1 Det norske eksportkontrollapparatet

Utanriksdepartementet er nasjonal styresmakt og forvaltningsorgan for eksportkontrollen. Departementet har likeins ansvaret for å koordinere den nasjonale innsatsen på eksportkontrollområdet. Dette samarbeidet vert omtala som det nasjonale eksportkontrollapparatet, og omfattar Tollvesenet, Politiets tryggingsteneste (PST), Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) og Institutt for energiteknikk (IFE). I tillegg samarbeider ein med andre etatar ved behov, særleg Forsvarsdepartementet og Statens Strålevern.

Samarbeid med andre instansar

I 2004 vart det teke initiativ til å styrkje og effektivisere den norske innsatsen på eksportkontrollområdet. I lys av fleire internasjonale initiativ har det vore nødvendig å søkje å styrkje samordninga av den norske oppfølginga på eksportkontrollområdet. Målsetjinga er mellom anna å utveksle og systematisere relevant informasjon mellom dei involverte instansane.

Tollvesenet er ansvarleg for handhevinga av eksportkontrollen, og PST har ansvaret for førebygging og etterforskning av mogelege brot på regelverket.

Som eit resultat av terroråtaka 11. september 2001 er det innafor eksportkontrollregima etablert separate arbeidsgrupper av tryggingseksperter, og informasjonsutvekslinga er vesentleg styrkt. Fokus er no retta mot ikkje-statlege aktørar i tillegg til spreingsland. For dei nasjonale handhevingssapparata inneber dette også auka innsats. PST deltek i dette samarbeidet.

I tillegg til kontrollane som Tollvesenet utfører på eige initiativ, samarbeider Utanriksdepartementet med Tollvesenet om kontrollarbeidet. Slik kontroll kan gjelde verifikasjon av utførselsdokument og fraktdokument, eller fysisk kontroll av varene. Ekspertar frå FFI hjelper Tollvesenet etter behov ved gjennomføringa av fysisk kontroll. Ved kontrollen av bedriftsrekneskapar kontrollerer revisorar frå Tollvesenet også dokument som gjeld eksport frå bedriftene.

Som resultat av informasjonsutvekslinga i dei multilaterale eksportkontrollregima har Utanriksdepartementet etablert ein database over utanlandske importørar og brukarar som det knyter seg visse bekymringar til i spreingsssamanheng. Denne databasen er tilgjengeleg for Tollvesenet, slik at planlagd utførsel til desse mottakarane kan oppdagast og undersøkjast nærare. Databasen blir jamleg oppdatert.

Ved vurdering av tekniske eigenskapar og bruksområde for produkt, teknologi eller tenester blir FFI konsultert når det trengst. Gjeld ein søknad kjernefysiske varer eller teknologi, blir IFE konsultert ved behov. Dersom ein eksportsøknad rører ved viktige forsvarsspørsmål eller materiell-samarbeid med andre land, vert det innhenta fråsegner frå Forsvarsdepartementet. Nærings- og handelsdepartementet vert konsultert når ein søknad rører ved viktige norske næringsinteresser.

Bevisstgjerung gjennom informasjon til eksportørane

Eit effektivt eksportkontrollsystem krev nært samarbeid og dialog med produsentar og leverandørar av sensitive varer og teknologi. Det er difor etablert ein tett dialog med relevante teknologibedrifter.

Omfattande informasjon om eksportkontrollen er i tillegg lagt ut på Internett (www.eksportkontroll.mfa.no). For å auke den offentlege merksemda og kunnskapen om eksportkontroll og ikkje-spreiing, er det siste åra lagt vekt på å betre framstillinga og synleggjeringa av informasjonen på Internett. Det vert òg gjeve ut brosjyremateriell for å spreie informasjonen ytterlegare.

Det vert lagt vekt på å vere tilgjengelege for næringslivet i det daglege arbeidet, både ved telefonkontakt, bruk av e-post og ved personleg kontakt. Også andre aktørar i det nasjonale apparatet har kontakt med relevante eksportørar og potensielle leverandørar av sensitive varer for å utveksle informasjon, mellom anna Tollvesenet og Politiets tryggingsteneste.

Tiltak knytte til informasjonsverksemd og etablering av etterlevingsrutinar i relevante bedrifter

vil vere ei viktig oppgåve for Utanriksdepartementet i tida framover.

5.2 Eksportkontroll av forsvarsmateriell

Utanriksdepartementet gjer ei grundig vurdering av kvar enkelt søknad om utførselsløyve for forsvarsmateriell. Tildelinga av utførselsløyve for våpen og ammunisjon er mellom anna basert på ei inngåande vurdering av dei utan- og innanrikspolitiske tilhøva i det aktuelle landet og området. Vurderinga omfattar ei rekkje politiske og tekniske spørsmål, mellom anna om krig eller væpna konflikt truar, korleis det stiller seg med dei demokratiske rettane og respekten for grunnleggjande menneskerettar, og om materiellet har defensive eller offensive bruksområde.

Retningslinjene frå 1992 gjer greie for dei omsyn og vurderingar som skal leggjast til grunn i saksbehandlinga. Retningslinjene skal dessutan gjere det enklare for eksportørane å vurdere utsiktene for å få løyve til å eksportere forsvarsmateriell frå Noreg.

Dei største mottakarane av forsvarsmateriell frå Noreg er NATO-landa og dei nordiske landa. Utførselsløyve til desse landa krev som hovudregel ikkje nye vurderingar av den politiske situasjonen i mottakarlandet.

Etter retningslinjene skal våpen og ammunisjon berre leverast til statlege styresmakter. Eksportkontrollen tek ikkje sikte på å regulere aktivitetane i det norske forsvaret eller innanfor FN, NATO eller EU. Det er difor gjort unntak frå reglane når utstyret skal brukast av norske styrkar i utlandet, t.d. i samband med internasjonale operasjonar, under minerydding eller som ledd i kampen mot internasjonal terrorisme, eller når mottakaren er forsvarsmakt i NATO- eller EU-land. Eksportkontrollforskrifta forpliktar Forsvarsdepartementet til å rapportere årleg til Utanriksdepartementet om slik utførsel.

Regelverket krev ikkje at det vert innhenta løyve frå Utanriksdepartementet til marknadsføring. Slik verksemd er likevel så langsiktig og ressurskrevjande at bedriftene normalt ønskjer førehandstilsegn om at eksportlisens kan påreknast. Utanriksdepartementet behandlar førespurnader om førehandstilsegn i samsvar med dei føreliggjande retningslinjene, på same måten som om det gjaldt konkrete lisenssøknader. Når ein gjev førehandstilsegn, tek ein likevel alltid atterhald om at spørsmålet om eksportlisens vil bli vurdert i lys av situasjonen på det tidspunktet ein konkret søknad ligg føre.

Samarbeidsavtalar

Ved underleveransar frå Noreg til utanlandsk produsent i tilfelle der det ligg føre ein samarbeidsavtale mellom den norske og den utanlandske verksemda som er godkjend av vedkommande styresmakt, kan Utanriksdepartementet fråvike kravet om sluttbrukarkontroll. Per 31. desember 2004 ligg det føre ca. 60 slike samarbeidsavtalar. Denne ordninga er avgjerande for at norske bedrifter skal kunne opptre truverdig og påliteleg i internasjonal handel på forsvarsmateriellområdet.

Oppfølgingsleveransar

I Innst. S. nr. 41 (2003-2004) frå utanrikskomiteen om eksport av forsvarsmateriell frå Noreg i 2003 vart det påpeika at politiske situasjonar stadig skifter, og at regelverket difor må oppdaterast jamleg. Komiteen meiner at dette også må gjelde varer i samband med vedlikehald, reparasjonar og reserverdelar, og at det krevst eit nært samarbeid mellom Utanriksdepartementet og eksportørane.

Eksportkontrollforskrifta oppnar for at eit utførselsløyve kan kallast tilbake dersom lisensinnehavaren misbruker løyvet i vesentleg omfang, dersom det kjem fram nye eller endra fakta eller dersom det skjer endringar i dei politiske tilhøva i mottakarstaten eller området som i vesentleg grad endrar grunnlaget løyvet vart gjeve på.

Sidan forsvarsmateriell ofte har lang levetid, vil det gjennom ein lang periode vere nødvendig å vedlikehalde og reparere utstyret og kjøpe reserverdelar. Tilgang til framtidig vedlikehald og reserverdelar er iblant ein del av kontraktsvilkåra. Omsynet til norske leverandørar som truverdige handelspartnarar er såleis også ei sak som styresmaktene må leggje vekt på når det gjeld å gje løyve til oppfølgingsleveransar. Som forvaltnings- og kontrollorgan legg Utanriksdepartementet stor vekt på nært samarbeid med kvar eksportør frå sak til sak.

Kontroll med formidling av våpen og militært utstyr mellom tredjeland

Det følgjer av eksportkontrollforskrifta at handel, formidling eller annan bistand ved sal av militære varer og teknologi på liste I frå eit framandt land til eit anna, ikkje er tillate for personar som har bustad eller opphaldsstad i Noreg og for norske selskap, stiftingar og samanslutningar utan løyve frå Utanriksdepartementet.

Noreg har engasjert seg aktivt internasjonalt for å oppnå semje om felles kriterium som utgangspunkt for den nasjonale kontrollen med formidling av våpen i leverandørlanda. Formålet er å sikre at den nasjonale eksportkontrollen på våpeneksport-

området ikkje skal undergravast av smotthol i form av formidlingsaktivitetar utanfor offentleg kontroll.

5.3 Eksportkontroll av fleirbruksvarer

Utanriksdepartementets vareliste II er ei samanstilling av varelistene for fleirbruksvarer i dei multilaterale eksportkontrollregima. Fleirbruksvarer og tilhøyrande teknologi har først og fremst sivile bruksområde, men også eit viktig potensial når det gjeld utvikling og produksjon av masseøydeleggingsvåpen. Dette kan mellom anna vere visse kjemikalier, biologiske stoff, verktymaskiner, laserar, gassovervakingsutstyr, grafitt, høgtrykksdyser, hydrofonar, måleutstyr, optisk materiale eller radarsystem. Liste II er i motsetnad til den meir generelle liste I svært kompleks både i omfang og teknisk detaljeringsgrad.

Eksportkontrollen for fleirbruksvarer er basert på det multilaterale eksportkontrollsamrådet. Alle land som deltek i dei internasjonale ikkje-spreiings- og eksportkontrollregima, gjennomfører kontroll med utgangspunkt i felles varelistar basert på konsensusvedtak som set krav til gjennomføring av visse kontrollmekanismer.

Kontrollen med at det ikkje vert levert fleirbruksvarer eller -teknologi frå norske bedrifter som kan brukast til utvikling av masseøydeleggingsvåpen, er meir komplisert enn for militært materiell. Fleirbruksvarer kan ha både sivile og militære bruksområde, og kan i tillegg ha potensial i masseøydeleggingsamanheng.

Dei sentrale elementa i vurderinga av om ein leveranse av ei fleirbruksvare kan tillatast, er om vara kan brukast i samband med våpen, også masseøydeleggingsvåpen, og sluttbrukarkontroll.

Søknader om eksport av fleirbruksvarer blir underkasta ei grundig teknisk vurdering av bruksområde og moglege bruk i samband med masseøydeleggingsvåpen. I denne prosessen vert det innhenta sakkyndig uttale frå FFI eller IFE etter behov. Sluttbrukaren blir også grundig vurdert på basis av den informasjonen som ligg føre enten som resultat av informasjonsutvekslinga i dei multilaterale regima eller bilateralt. Dersom vurderinga konkluderer med at lisens kan innvilgast, krevst dokumentasjon som stadfester kva vara skal brukast til og kvar ho skal brukast eller installert. I særlege tilfelle vert det i tillegg stilt som vilkår at vara kan inspiserast av norske representantar utan forvarsel for å sikre at bruken er i tråd med det som er føresett.

Likeins vert det vurdert om vara som det er søkt om utførsel av, er relevant i høve til den oppjevne sluttbruken, både når det gjeld teknisk

kapasitet og mengd. Søknaden blir avslagen dersom ein finn at vara mest sannsynleg vil bli brukt i våpenprogrammet til eit sluttbrukarland.

Søknaden blir likeins avslagen dersom eit anna medlemsland i eitt av dei multilaterale regima har rapportert avslag på ein identisk søknad. Avslag på eksportsøknader og bakgrunnen for avslaget blir rapportert til det relevante eksportkontrollregimet. Det er ein føresetnad at deltakarlanda ikkje skal undergrave kvarandres avslag ved å innvilge identiske søknader. Slike avslag må grunngjevast ut frå retningslinjene for det aktuelle regimet. I tvilstilfelle, eller dersom det er nødvendig å innhente meir informasjon, t.d. i tekniske spørsmål, kan det innleiest konsultasjonar mellom partane med sikte på å avklare om det dreiar seg om ein identisk søknad eller ikkje.

For å sikre at Noreg etterlever dei omfattande krava til kjernefysisk eksportkontroll, er det utarbeidd særskilde retningslinjer for søknadsbehandlingen i Utanriksdepartementet som omhandlar visse særleg sensitive kjernefysiske varer.

Kontroll med ikkje-listeførte varer – "oppsamlingsreglar"¹

Som nemnt ovanfor er det stilt strenge vilkår til kva varer som kan godkjennast for oppføring på varelistene. Dette medfører at det alltid vil vere varer og teknologi som ikkje fullt ut kvalifiserer, men som likevel kan ha stort potensial i samband med utvikling eller produksjon av masseøydeleggingsvåpen.

For å kunne fange opp forsøk på å skaffe ikkje-listeførte varer til bruk i program for utvikling av masseøydeleggingsvåpen, er det etablert såkalla oppsamlingsreglar. Dette vil seie at det er lisensplikt for varer, teknologi eller tenester som ikkje står på listene når ein er kjend med at dei er tenkte eller vil bli brukte til utvikling, produksjon, vedlikehald, lagring, deteksjon, identifikasjon eller destruksjon av kjernevåpen, kjemiske eller biologiske våpen eller til utvikling, produksjon, vedlikehald eller lagring av missil som kan levere slike våpen.

Ved forskriftsendringane i november 2004 vart det innført kontroll med alle varer, sjølv om dei ikkje står på listene i Utanriksdepartementet, når varene er meinte for militær bruk i eit land under våpenembargo vedteken av Tryggingrådet i FN. Dette er i tråd med konsensusvedtak fatta av WA i desember 2003 og med EU-reglane på dette området.

¹ I internasjonal samanheng omtala som "catch-all".

Det krevst nært samarbeid og dialog med eksportørar og potensielle leverandørar for å kunne handheve denne typen kontroll. Departementet legg stor vekt på å formidle informasjon om oppsamlingsreglane i samband med møte og seminar om eksportkontroll. I tillegg er spørsmålet omtala på departementet sine heimesider om eksportkontroll (www.eksportkontroll.mfa.no).

Kontroll med immateriell teknologioverføring

Immateriell overføring av sensitiv programvare, teknologi eller kunnskap kan mellom anna skje munnleg, ved bruk av telefaks eller ved bruk av elektroniske medium. Immateriell teknologioverføring krev difor andre kontrolltiltak enn den tradisjonelle grensekontrollen som Tollvesenet utfører. Dei multilaterale eksportkontrollregima har dei

siste åra drøfta tiltak som kan vere effektive i ein slik samanheng.

Det er brei semje om at elektroniske leveransar av sensitiv programvare og teknologi representerer eit svakt ledd i eksportkontrollen, og at deltarlanda må kontrollere overføring av sensitiv teknologi gjennom lisensieringskrav på nasjonal basis.

I den norske eksportkontrollavgjevinga er immaterielle teknologioverføringar omfatta av det generelle regelverket. Slike overføringar krev løyve frå Utanriksdepartementet på same måten som annan eksport av produkt, teknologi og tenester som er omfatta av kontrollistene. Kontrollen skjer i nært samarbeid med næringslivet, og det er lagt stor vekt på informasjon og dialog i dette spørsmålet. EU vedtok felles kontrollmekanismar for immateriell teknologioverføring i 2000.

6 Norsk forsvarsindustri og internasjonalt samarbeid

Dei siste ti åra har det skjedd ei omfattande tilpassing av forsvarsindustrien i Noreg. Frå å vere bedrifter med hovudleveransar til det norske forsvaret har industrien skaffa seg fleire bein å stå på gjennom auka eksport til både militære og sivile kundar. Difor har Noreg i dag få reine forsvarsbedrifter, men ei rekkje bedrifter der ein del av verksemda er forsvarsrelatert.

Den forsvarsrelaterte industrien i Noreg må i større grad delta i internasjonalt materiellsamarbeid og vere konkurransedyktig både på den nasjonale og den internasjonale marknaden for å overleve. Forsvarsdepartementet har ved å krevje industriell deltaking i fleirnasjonale materiellprosjekt og gjennom gjenkjøpsregimet medverka til at fleire norske bedrifter har utvikla eit langsiktig strategisk samarbeid med internasjonale partnerar. Fleire norske bedrifter har opparbeidd seg viktig nisjekompetanse og er godt posisjonerte til å operere som hovud- og underleverandørar.

Det internasjonale samarbeidet om forsvarsmateriell og -teknologi går føre seg i NATO og EU, det nordiske forsvarsmateriellsamarbeidet (Noreg, Sverige, Finland og Danmark) og Nordsjø-samar-

beidet (bilaterale avtalar mellom Noreg og høvesvis Danmark, Tyskland, Nederland og Storbritannia).

Det nordiske samarbeidet er omfatta av eksportkontroll, men avtalen krev ikkje endringar i dei nasjonale regelverka. Det er føresett at eksport til tredjeland vert regulert slik at kvar av avtalepartane enkeltvis kan krevje at produkt som kjem inn under avtalen, ikkje vert eksporterte til uønskte mottakarland.

Norske styresmakter fokuserer på industriprosjekt som kan medverke til effektive løysingar for Forsvaret, og som samtidig støttar opp om behovet for eit meir integrert samarbeid med allierte og andre samarbeidspartnerar. Dei største bedriftene, og dei mest aktuelle partnerane for norsk forsvarsindustri, er lokaliserte i USA og i EU-landa.

For mindre land og deira forsvarsindustri vil fleirnasjonalt samarbeid knytt til innkjøp og utvikling av forsvarsmateriell bli stadig meir avgjerande for å sikre ein livskraftig industri på lengre sikt. Noreg vil difor prioritere fleirnasjonale løysningar med utvalde samarbeidspartnerar framover.

7 Eksporten av forsvarsmateriell i 2004

Dette kapitlet gjev oversyn over eksporten av forsvarsmateriell basert på utførselsverdien ved sal av varer, teknologi og tenester som er omfatta av liste I. Oversyna inneheld ikkje opplysningar om mellombels utførsel av varer for demonstrasjon eller reparasjon, eller om varer som er eller vil bli returnerte til Noreg.

Det vert opplyst om avslag på søknader om eksportlisens. Dei avslaga som er med i oversikta, er formelle avslag på lisenssøknader som har vore behandla på basis av det norske regelverket for eksportkontroll. På bakgrunn av samarbeidet som er innleidd på grunnlag av EU-kodeksen, jf. omtalen i kap. 2.3, blir det frå og med 2005 teke sikte på å vise kva for kriterium i kodeksen som er brukte som bakgrunn for avslaga. På denne måten vil Noreg medverke til å fremje ein høg internasjonal standard når det gjeld innsyn i utførsel av forsvarsmateriell.

Vidare er det opplyst om tildelte løyve til formidling av forsvarsmateriell mellom to tredjeland og om løyve til overføring av produksjonsrettar til utlandet. Verdien av desse løyva er ikkje teken med i dei samla tala for sal av forsvarsmateriell.

Eksporten av forsvarsmateriell og tenester

Eksporten av forsvarsmateriell, tenester og utførte reparasjonar, og avslag på søknader om eksportlisens knytte til liste I, er framstilt i åtte diagram og tabellar¹:

- 7.1: Fordeling av eksport av A-materiell på grupper av land
- 7.2: Fordeling av eksport av B-materiell på grupper av land
- 7.3: Eksport av forsvarsmateriell fordelt på land
- 7.4: Fordeling av eksporten på vareposisjonane i liste I
- 7.5: Detaljar om eksporten fordelt på land og vareposisjonar i liste I
- 7.6: Utførte tenester knytte til liste I
- 7.7: Reparasjonar utførte i Noreg for utanlandske oppdragsgjevarar
- 7.8: Oversikt over eksporten i 1999-2004

Kapittel 7.9 viser avslag på søknader om lisens i 2004. I kapittel 7.10 er informert om løyve til overføring av produksjonsrettar og formidling av forsvarsmateriell i 2004. Eit oversyn over dei 51 bedriftene som rapporterte om eksport av forsvarsmateriell i 2004, er å finne i kapittel 7.11.

Den samla verdien av eksporten i 2004 var ca. 2 milliardar kroner. Av dette utgjør tenester ca. 252 millionar kroner og reparasjonar for utanlandske eigarar drygt 35 millionar kroner. A-materiell utgjorde ca. 980 millionar kroner og B-materiell ca. 1 million kroner. I 2003 var den samla verdien av eksporten i overkant av 3 milliardar kroner. Av dette utgjorde tenester ca. 185 millionar kroner og reparasjonar nær 17 millionar kroner.


Det vart utferda 1123 lisensar på forsvarsmateriell i 2004, men på grunn av etterslepet av tildelte lisensar frå 2003 var det 1408 gyldige lisensar i 2004.

Somme år er det store leveransar av forsvarsmateriell, og det vil difor oppstå variasjonar i eksporten frå år til år. I 2003 auka verdien av eksporten hovudsakleg på grunn av leveransar av luftvernssystem i samband med bygginga av nye fregattar for Sjøforsvaret i Spania. I 2004 var det ingen slike store leveransar. I tillegg var det i 2004 ein generell nedgang i eksporten til fleire av dei tradisjonelle mottakarane av norsk forsvarsmateriell. Dette gjaldt særleg Australia, Canada, Finland, Frankrike, Italia, Storbritannia og Sverige. I 2004 auka eksporten til USA, Tyskland, Belgia, Latvia og Polen.

Auken i verdien av tenester i 2004 skuldast i hovudsak leveransar i samband med norsk deltaking i eit multinasjonalt NATO-program for utvikling av nytt sjømålsmisil.

Dei nordiske landa og NATO-landa er dei største mottakarane av forsvarsmateriell frå Noreg. I 2004 gjekk 84 % av den samla norske eksporten av kategori A-materiell til NATO-land, 6 % gjekk til andre europeiske land og 9 % til Australia og New Zealand. Resten på 1 % gjekk til Brasil, Chile, Japan, Sør-Afrika, Sør-Korea og Thailand. 61 % av eksporten av B-materiell gjekk òg i hovudsak til NATO-landa, 24 % gjekk til Asia og 13 % til Sverige, Finland og Europa elles.

¹ Tala er framstilte i 1000 kroner.



Figur 7.1


Norsk forsvarsindustri produserer og eksporterer i liten grad komplette våpensystem. Unntaket er sjømålsmissil. I 2004 stod komponentar, delar, delsystem og tilleggsutstyr for 54 % av eksporten. Elektronisk utstyr utgjorde 23 %, og ammunisjon og sprengstoff 11 % av eksporten.

7.1 Eksporten av kategori A-materiell fordelt på grupper av land

Figur 7.1 viser korleis fordelinga av den totale eksporten av kategori A-materiell (våpen og ammunisjon) fordeler seg på grupper av mottakarar. Som ein ser var NATO-landa den desidert største mottakaren av forsvarsmateriell i kategori A i 2004 med 84 %. Deretter følgde Australia/New Zealand med 9 %, Sverige og Finland med til saman 4 %. Andre mottakarar stod for 1 % av eksporten frå Noreg. I oversiktene i tabellane 7.1 og 7.2 i meldinga er det gjeve detaljert informasjon om mottakarland, eksporterte varer og verdi av eksporten.

Tabell 7.1

Land	Kategori A-materiell	Kategori B-materiell	Totalt
<i>Land som har motteke materiell i kategori A:</i>			
Austerrike	10 642	128	10 770
Australia	81 373	9 286	90 659
Belgia	719	60 340	61 059
Brasil	445	0	445
Canada	49 306	818	50 124
Chile	562	8 480	9 042



Figur 7.2

7.2 Eksporten av kategori B-materiell fordelt på grupper av land

Figur 7.2 viser korleis fordelinga av den totale eksporten av kategori B-materiell (anna militært materiell) fordeler seg på grupper av mottakarar. NATO-landa var i 2004 den største mottakaren av forsvarsmateriell også i kategori B med 61 %. Deretter følgde Sverige og Finland med 11 % av importen frå Noreg, andre europeiske land med 2 %, Asia med 24 % og andre land med 2 %. I oversiktene i tabellane 7.1 og 7.2 i meldinga er det gjeve meir detaljert informasjon om mottakarland, eksporterte varer og verdi av eksporten.

7.3 Eksporten av forsvarsmateriell fordelt på land

Tabell 7.1 viser korleis verdien av eksporten av forsvarsmateriell i 2004 fordeler seg på dei einskilde mottakarlanda. Verdien av eksporten er vist i 1000 kr.

Som ein ser er Australia, Storbritannia, Tyskland og USA dei største mottakarane av kategori A-materiell. Dei største mottakarane av kategori B-materiell er Belgia, Sverige, Tyskland, Ungarn og USA.

Tabell 7.1

Land	Kategori A-materiell	Kategori B-materiell	Totalt
Danmark	5 440	5 132	10 572
Finland	7 287	2 998	10 285
Frankrike	12 444	13 562	26 006
Grønland	73	750	823
Hellas	33 507	14 766	48 273
Island	202	0	202
Italia	980	1 969	2 949
Japan	607	976	1 583
Latvia	1 421	17 872	19 293
Luxembourg	118	1 057	1 175
Nederland	942	11 928	12 870
New Zealand	3 307	0	3 307
Polen	12 945	8 207	21 152
Spania	16 830	13 518	30 348
Storbritannia	81 807	19 076	100 883
Sveits	9 561	3 584	13 145
Sverige	31 793	111 712	143 505
Sør-Afrika	902	364	1 266
Sør-Korea	63	0	63
Thailand	7 381	383	7 764
Tsjekia	3	3 572	3 575
Tyrkia	53 531	127	53 658
Tyskland	136 109	50 763	186 872
Ungarn	944	77 496	78 440
USA	414 887	330 735	745 622
<i>Land som berre har motteke materiell i kat. B:</i>			
Dei sameinte arabiske emirata	0	2 130	2 130
Ecuador	0	48	48
Egypt	0	1 632	1 632
Hong Kong	0	2	2
Irland	0	6 080	6 080
Kroatia	0	7 318	7 318
Kuwait	0	1 534	1 534
Kypros	0	47 363	47 363
Litauen	0	9	9
Makedonia ¹	0	1 662	1 662
Oman	0	40 202	40 202
Portugal	0	820	820
Romania	0	1 339	1 339
Saudi-Arabia	0	133 871	133 871
Serbia og Montenegro	0	178	178
Singapore	0	17 854	17 854
Slovakia	0	6 932	6 932
Slovenia	0	134	134
Totalt	976 131	1 038 707	2 014 838


¹ Gjeld prosjektbistand (gåve) i regi av Forsvarsdepartementet for leveranse av kommunikasjonssystem.

7.4 Eksporten fordelt på vareposisjonane i liste I

Figur 7.3 viser korleis eksporten av forsvarsmateriell i 2004 fordeler seg på vareposisjonane i liste I. Som ein ser er 54 % av eksporten i 2004 komponentar, delar, delsystem og tilleggsutstyr, 23 % er elektronisk utstyr, 11 % er ammunisjon og sprengstoff, 4 % er eldleingsutstyr, søkjarutstyr, utstyr for handtering m.m., 4 % er programvare og 3 % missil-system, bomber, rakettar osv.

7.5 Eksporten av forsvarsmateriell fordelt på land og varegrupper i liste I

Tabell 7.2 viser kva land som har motteke forsvarsmateriell frå Noreg i 2004 og kva varegrupper som er eksporterte. I tillegg er materiellet karakterisert. Verdien er oppført i 1000 kr



Figur 7.3

Tabell 7.2

Posisjon i vareliste	Komplette produkt		Delar		Sum produkt og delar	Karakteristikk
	A	B	A	B		
<i>Austerrike</i>						
17.1	2				2	Del til rifle
6	10 640				10 640	Ammunisjon
17.7				128	128	Delar til avst.målar og nattutstyr
Sum	10 642	0	0	128	10 770	
<i>Australia</i>						
17.1	8	207			215	Delar til rifler og tyngre våpen
2	670				670	Panservernrakettar, øvingssett
17.3			4 760		4 760	Delar til missil
17.4			24 976	8 827	33 803	Delar til våpenstasjonar
6	50 959				50 959	Panservernrakettar
7, 17.7		236		16	252	Nattutstyr, delar
Sum	51 637	443	29 736	8 843	90 659	
<i>Belgia</i>						
6	96				96	Sprengstoff
7, 17.7		59 646		324	59 970	Kryptoutstyr, tilleggseiningar
17.10			623		623	Delar til stridsvogner
18		370			370	Kommunikasjonsprogramvare
Sum	96	60 016	623	324	61 059	
<i>Brasil</i>						
6	445				445	Sprengstoff

Tabell 7.2

Posisjon i vareliste	Komplette produkt		Delar		Sum produkt og delar	Karakteristikk
	A	B	A	B		
Sum	445	0	0	0	445	
<i>Canada</i>						
17.1			8	60	68	Delar til mil. våpen
17.2			43 626		43 626	Delar til våpenstasjon
6	5 321				5 321	Sprengstoff
7		396			396	Kommunikasjonsutstyr
17.10			240		240	Delar til stridsvogn
14		362			362	IR-kamera
16	111				111	Øvingsstridshovud
Sum	5 432	758	43 874	60	50 124	
<i>Chile</i>						
6	562				562	Sprengstoff
7, 17.7		5 888		2 592	8 480	Nattutstyr, delar
Sum	562	5 888	0	2 592	9 042	
<i>Danmark</i>						
1, 17.1	47		49		96	Pistol, rifler, delar til mil. våpen
6	4 328				4 328	Sprengstoff, patroner
7, 17.7		4 338		36	4 374	Kryptoutstyr, delar til avstandsmålar
17.8				612	612	Delar til ubåtatteri
17.10			1 016	146	1 162	Delar til stridsvogner
Sum	4 375	4 338	1 065	794	10 572	
<i>Dei sameinte arabiske emirata</i>						
7, 17.7		1 330		800	2 130	Kommunikasjonsutstyr, delar
Sum	0	1 330	0	800	2 130	
<i>Ecuador</i>						
17.7				48	48	Delar til avstandsmålar
Sum	0	0	0	48	48	
<i>Egypt</i>						
7		290		1 342	1 632	Kommunikasjonsutstyr, delar
Sum	0	290	0	1 342	1 632	
<i>Finland</i>						
1	14				14	Rifle, pistolar
6	7 273				7 273	Sprengstoff, patroner
7, 17.7		844		1 812	2 656	Avstandsmålarar, nattutstyr, delar
17.10				342	342	Delar til køyrety
Sum	7 287	844	0	2 154	10 285	
<i>Frankrike</i>						
17.1			25		25	Delar til rifler

Tabell 7.2

Posisjon i vareliste	Komplette produkt		Delar		Sum produkt og delar	Karakteristikk
	A	B	A	B		
17.3			3 430	74	3 504	Rakettmotorar og andre delar til missil
17.5				735	735	Delar til stridsgass-deteksjonsutstyr
6	8 981				8 981	Sprengstoff
7, 17.7		8 933		3 725	12 658	Kommunikasjons- og nattutstyr, delar
18		69			69	Programvare for kommunikasjonssystem
19	8	26			34	Utgangsmateriale for sprengstoff
Sum	8 989	9 028	3 455	4 534	26 006	
<i>Grønland</i>						
6	73	750			823	Røyksvake patroner, kvalgranatar
Sum	73	750	0	0	823	
<i>Hellas</i>						
17.3				5 903	5 903	Delar til missilsystem
4, 17.4	14 456		16 208	246	30 910	Eldleingsutstyr, delar
6, 17.6	25		2 617		2 642	Sprengstoff, delar til ammunisjon
17.7				2 404	2 404	Delar til nattutstyr
17.9				6 213	6 213	Delar til jagarfly
17.10			201		201	Delar til stridsvogner
Sum	14 481	0	19 026	14 766	48 273	
<i>Hong Kong</i>						
17.7				2	2	Delar til nattutstyr
Sum	0	0	0	2	2	
<i>Irland</i>						
7, 17.7		3 096		74	3 170	Nattutstyr, delar
18		2 375			2 375	Programvare for kommunikasjonsutstyr
19		535			535	Testutrustning for nattutstyr
Sum	0	6 006	0	74	6 080	
<i>Island</i>						
6	202				202	Sprengstoff, kvalgranatar
Sum	202	0	0	0	202	
<i>Italia</i>						
17.2			39		39	Delar til kanon
6	941				941	Sprengstoff
17.7				35	35	Delar til nattutstyr

Tabell 7.2

Posisjon i vareliste	Komplette produkt		Delar		Sum produkt og delar	Karakteristikk
	A	B	A	B		
17.10				84	84	Delar til beltebilar Programvare for kommunikasjonssystem
18		1 850			1 850	
Sum	941	1 850	39	119	2 949	
<i>Japan</i>						
6	607				607	Ammunisjon
7, 17.7		90		886	976	Laservarslar, delar
Sum	607	90	0	886	1 583	
<i>Kroatia</i>						
7, 17.7		6 903		415	7 318	Kommunikasjonsutstyr, delar
Sum	0	6 903	0	415	7 318	
<i>Kuwait</i>						
17.1				1 534	1 534	Stativdelar til våpen
Sum	0	0	0	1 534	1 534	
<i>Kypros</i>						
7, 17.7		47 255		108	47 363	Nattutstyr, delar
Sum	0	47 255	0	108	47 363	
<i>Latvia</i>						
1, 17	791		344		1 135	Diverse våpen, delar
2	227				227	Diverse våpen
6	59				59	Patroner
7		1 444			1 444	Kryptoutstyr
10		16 428			16 428	Køyrety
Sum	1 077	17 872	344	0	19 293	
<i>Litauen</i>						
7		9			9	Kryptoutstyr
Sum	0	9	0	0	9	
<i>Luxembourg</i>						
17.1		37			37	Delar til rifler
17.3			118		118	Delar til missil
7, 17.7		1 008		12	1 020	Kryptoutstyr, delar til radar
Sum	0	1 045	118	12	1 175	
<i>Makedonia¹</i>						
7		1 662			1 662	Kommunikasjonsutstyr
Sum	0	1 662	0	0	1 662	
<i>Nederland</i>						
17.1	1			202	203	Våpendelar, delar til våpenstativ

Tabell 7.2

Posisjon i vareliste	Komplette produkt		Delar		Sum produkt og delar	Karakteristikk
	A	B	A	B		
2, 17.2 6	675 12		15		690 12	Bombekastarar, delar Sprengstoff
7, 17.7		11 183	22	258	11 463	Kryptoutst., delar til stridsvogn og krypto
17.10			217	285	502	Delar til stridsvogn og beltekøyrety
Sum	688	11 183	254	745	12 870	
<i>New Zealand</i>						
17.2			31		31	Delar til panservernvåpen
6, 17.6	3 256		20		3 276	Panservernammuni- sjon, delar
Sum	3 256	0	51	0	3 307	
<i>Oman</i>						
7		40 202			40 202	Kommunikasjonsutstyr
Sum	0	40 202	0	0	40 202	
<i>Polen</i>						
17.3			141	50	191	Komponentar for raket- motor
6	10 640		2 164		12 804	Patroner, delar, spreng- stoff
7		8 157			8 157	Nattutstyr, kryptoutstyr
Sum	10 640	8 157	2 305	50	21 152	
<i>Portugal</i>						
7		60			60	Kryptoutstyr
17.9				224	224	Utstyr til jagarfly
18		536			536	Kryptoprogramvare
Sum	0	596	0	224	820	
<i>Romania</i>						
7		1 339			1 339	Kryptoutstyr
Sum	0	1 339	0	0	1 339	
<i>Saudi-Arabia</i>						
7, 17.7		124 521		9 350	133 871	Kommunikasjonsutstyr, delar
Sum	0	124 521	0	9 350	133 871	
<i>Serbia og Montenegro</i>						
6	902				902	Sprengstoff
17.7				364	364	Krinskort til kommuni- kasjonssystem
Sum	902	0	0	364	1 266	

Tabell 7.2

Posisjon i vareliste	Komplette produkt		Delar		Sum produkt og delar	Karakteristikk
	A	B	A	B		
<i>Singapore</i>						
17.1				226	226	Sikte
6		16 320			16 320	Lauspatroner
17.7				1 308	1 308	Datamaskin-komponentar
Sum	0	16 320	0	1 534	17 854	
<i>Slovakia</i>						
7		6 932			6 932	Nattutstyr, kommunikasjonsutstyr
Sum	0	6 932	0	0	6 932	
<i>Slovenia</i>						
7, 17.7		67		67	134	Nattutstyr, delar
Sum	0	67	0	67	134	
<i>Spania</i>						
4, 17.4		4 000	9 307	1 159	14 466	Mineryddingsutstyr, delar til luftvern
6, 17.6	1 260		6 254		7 514	Sprengstoff, prosjektil
7, 17.7		1 360		45	1 405	Krypto- og nattutstyr, delar
17.8				5 420	5 420	Delar til farty
17.10				1 534	1 534	Delar til beltevogn
19	9				9	Materiale til ammunisjon
Sum	1 269	5 360	15 561	8 158	30 348	
<i>Storbritannia</i>						
17.1				17	17	Våpenstativ
17.3			2 682	5 604	8 286	Missildelar
4	2 448				2 448	Mineleggingsutstyr
6, 17.6	26 700		143		26 843	Sprengstoff, patroner, delar
7, 17.7		7 165		1 950	9 115	Avst.målarar, nattutstyr, etc., delar
17.9			49 834	3 451	53 285	Delar til jagarfly
17.10				889	889	Delar til bergingskøyrety
Sum	29 148	7 165	52 659	11 911	100 883	
<i>Sveits</i>						
1	80				80	Rifler
17.2			99		99	Delar til kanon
6	9 378				9 378	Sprengstoff
7, 17.7		459		34	493	Nattutstyr, delar
17.10				3 091	3 091	Delar til stridsvogn
19	4				4	Utgangsmateriale for sprengstoff
Sum	9 462	459	99	3 125	13 145	

Tabell 7.2

Posisjon i vareliste	Komplette produkt		Delar		Sum produkt og delar	Karakteristikk
	A	B	A	B		
<i>Sverige</i>						
1, 17.1	100		79	1 024	1 203	Rifler, pistolar, delar
17.2			6		6	Delar til artilleri
3	30		3 887	4 360	8 277	Missil, delar
17.5				102	102	Komponentar til strids-gass-deteksjon
6	9 855		11 351		21 206	Ammunisjon, delar, sprengstoff
7		10 358			10 358	Komm.utstyr, krypto, avst.målar
17.7			3 238	32 698	35 936	Div. elektroniske delar
17.8				16 800	16 800	Battericeller for ubåtar
17.9				30 336	30 336	Delar til jagarfly, delar til flymotorar
17.10			2	14 175	14 177	Delar til stridsvogn
17.16				76	76	Delar til våpensimulator
18	3 245				3 245	Programvare for missil
19		257			257	Utgangsmateriale for sprengstoff
20		1 526			1 526	Forstudie - rapport våpensystem
Sum	13 230	12 141	18 563	99 571	143 505	
<i>Sør-Afrika</i>						
6	902				902	Sprengstoff
17.7				364	364	Krinskort til kommunikasjonssystem
Sum	902	0	0	364	1 266	
<i>Sør-Korea</i>						
6	63				63	Sprengstoff
Sum	63	0	0	0	63	
<i>Thailand</i>						
6	4 221				4 221	Panservernrakettar
17.10				383	383	Belte til mil. køyrety
16	3 160				3 160	Øvingsrakettar
Sum	7 381	0	0	383	7 764	
<i>Tsjekkia</i>						
6	3				3	Sprengstoff
7, 17.7		3 543		29	3 572	Kryptoutstyr, nattutstyr, delar
Sum	3	3 543	0	29	3 575	
<i>Tyrkia</i>						
1	10				10	Pistolar
3, 17.3	53 521			127	53 648	Missil, delar

Tabell 7.2

Posisjon i vareliste	Komplette produkt		Delar		Sum produkt og delar	Karakteristikk
	A	B	A	B		
Sum	53 531	0	0	127	53 658	
<i>Tyskland</i>						
1, 17.1	428		221	2 098	2 747	Rifler, pistolar, delar
17.2			535		535	Delar til våpenstasjonar
17.3				165	165	Delar til missil
4, 17.4	61 818			17 158	78 976	Eldleiingssystem, delar
6	11 903				11 903	Sprengstoff, patroner
7, 17.7		29 105		1 969	31 074	Komm.utstyr, krypto, nattutstyr, delar
17.10			101	84	185	Delar til stridsvogner og beltebilar
11		38			38	Hjelmar
18	61 103	146			61 249	Prog.vare eldleingssystem og kommunikasjon
Sum	135 252	29 289	857	21 474	186 872	
<i>Ungarn</i>						
6	944				944	Sprengstoff
7		77 496			77 496	Kommunikasjonsutstyr, krypto
Sum	944	77 496	0	0	78 440	
<i>USA</i>						
17.1			281	3 543	3 824	Geværløp, delar til våpenstativ
2, 17.2	38		105 636	22 448	128 122	Øvingsrakettar, våpenstasjonar, delar
17.3			10 327	3 531	13 858	Delar til missil
4, 17.4		2 692	187 819	21 027	211 538	Minesveipingsutstyr, delar til eldleingssystem
6	31 147		79 639		110 786	Sprengstoff, ammunisjon, delar
7, 17.7		69		3 132	3 201	Avstandsmålar, delar
17.8				24 185	24 185	Elektroniske komponentar til skip
17.9				181 136	181 136	Flymotor delar
17.10				50 274	50 274	Delar til køyrety
18		15 906			15 906	Programvare til varslingsystem
19		2 792			2 792	Utgangsmateriale for sprengstoff
Sum	31 185	21 459	383 702	309 276	745 622	

¹ Gjeld prosjektbistand (gåve) i regi av Forsvarsdepartementet for leveranse av kommunikasjonssystem.

Tabell 7.3

Land	Teneste	Beløp
Australia	Utvikling av varslingsystem	3 109
	Vedlikehold av treningssystem	981
Danmark	Test av ammunisjon	447
Finland	Konstruksjon av marinefarty	2 534
Frankrike	Utvikling i samband med missil	4 086
Irland	Opplæring nattutstyr	69
Italia	Utvikling i samband med missil	4 086
Latvia	Kurs for krypto-operatørar	479
Storbritannia	Utvikling av ammunisjon	2 689
	Utvikling av radar	5 330
Sverige	Vedlikehold av simulatorutstyr	586
	Utvikling av ammunisjon	2 468
Tyskland	Oppgradering av elektronisk utstyr	10 536
	Utvikling av rakettmotor	21 025
	Test av panservern	356
	Utvikling av artilleriammunisjon	1 566
	Ballistiske utrekningar	69
USA	Tenester i samb. med vern for ubåtar	4 292
